



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	03.12.2025
Møtetid:	13:15 -16:45
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kariann Ekren	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Sigrun Haugsdal Reknes	Kariann Ekren	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 106/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 107/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 06.11.25	
PS 108/2025	Klage på vedtak - parkeringsløyising Hostelandslia 2-10	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 109/2025	Rapport om organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland-uttale frå Masfjorden kommune	
PS 110/2025	Endring av selskapsavtale NGIR	
PS 111/2025	TENESTEAVTALE 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene	
PS 112/2025	Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2025	
PS 113/2025	Handlingsplan 2026 for "Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet"	
PS 114/2025	Sak om kjøp av grunn frå eigedomen gnr.44 bnr.68 på Krossleitet	
PS 115/2025	Drøfting pris på kommunale bustadtomter i eldre bustadfelt	
PS 116/2025	Prioritering av trafikkisikringssøknader 2026	
PS 117/2025	Nye prinsipp og retningslinjer for klassesetuar i Masfjorden kommune	
PS 118/2025	Framlegg til språkplan for Masfjorden kommune 2025 - 2033	
PS 119/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 37/2025	Referat etter møte med politimeister og leiinga i Vest politidistrikt 14. oktober	
RS 38/2025	Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026	

RS 39/2025	Høyringsinnspel frå Regionrådet Nordhordland – tomteval for nybygg for Austrheim vidaregåande skule
RS 40/2025	Protokoll 3-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 24. oktober
RS 41/2025	Forskrift for ferie og fridagar 2026-2027 - Skule- og barnehageruta
RS 42/2025	Vedtak - forvaltningslova - Masfjorden kommune - manglande oppfølging av kommunedelplan for trafikkisikring
RS 43/2025	Orientering om lovlegkontroll av fjernbetent alkoholsal
RS 44/2025	Høring - ny postlov
RS 45/2025	Vedk tilskot til kulturbygg
RS 46/2025	Søknad om midlar til oppdatering av bygdebok for Myking sokn
RS 47/2025	Bandtvang for hundar
RS 48/2025	Vedtak - Reguleringsplan - klage - Masfjorden 31/1 - Botneneset - detaljregulering - plan-id 20210004
PS 120/2025	Budsjettjustering desember 2025

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 106/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ordfører bad om at sak 120/2025 Budsjettjustering desember 2025 vart flytta øvst på sakslista samt at sak 112/2025 Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2025 vart tilpassa saksbehandlar sin ankomst.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 106/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste med dei endringane sett fram av ordfører vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 107/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 06.11.25

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 107/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 06.11.25:

Møteprotokoll frå formannskapet 06.11.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 109/2025 Rapport om organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland- uttale frå Masfjorden kommune

Det var eigarmøte i Einekavane AS i forkant av formannskapsmøtet. Eigarmøte, representert med formannskapet og styreleiar Liv Oda Dale og dagleg leiar Erik Wiik Andersen i Einekavane AS, tilrår at ein seier nei til fusjon men ønskjer å få utgreidd alternativet om konsernmodell.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Masfjorden kommune sier nei til fusjon men ønskjer å få utgreidd alternativet om konsernmodell.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.-

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 109/2025 Rapport om organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland- uttale frå Masfjorden kommune:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune sier nei til fusjon men ønskjer å få utgreidd alternativet om konsernmodell.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 110/2025 Endring av selskapsavtale NGIR

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 110/2025 Endring av selskapsavtale NGIR:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 111/2025 TENESTEAVTALE 12
Felles utvikling og planlegging av tenestene

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 111/2025 TENESTEAVTALE
12 Felles utvikling og planlegging av tenestene:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune sluttar seg til «Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene» i
Helsefellesskapet for bergensområdet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 112/2025 Folkehelseoversikt
Masfjorden kommune 2025

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset og kommuneoverlege Hege Gjessing møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 112/2025 Folkehelseoversikt
Masfjorden kommune 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret tek Folkehelseoversikt for Masfjorden kommune 2025 til orientering.

Folkehelseoversikta skal nyttast som grunnlag for planlegging og prioritering i kommunen.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 113/2025 Handlingsplan 2026 for "Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet"

Leiar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Rådmannen orienterte om at det vart oppdaga at eit av anlegga - Lysanlegg Matre idrettsbane - var ramla ut av lista. Dette anlegget er det søkt om tippemidlar for det vart difor sett fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

1. Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for 2026:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
	Friidrettsanlegg Nordbygda idrettsanlegg	Masfjorden kommune
	Lysanlegg Matre idrettsbane	Masfjord FL
	Rehabilitering av gymsaldekke, Sandnes skule	Masfjorden kommune
	Utviding av kunstgras, lys og løpebane Sandnes	Masfjord FL/Masfjorden kommune
	Lagerhall ved skitrekket i Stordalen	IL BW og Stordalen skisenter AS
	Varmestove ved skitrekket i Stordalen	IL BW og Stordalen skisenter AS
	Fleirbrukshall Nordbygda	Masfjorden kommune
	Rehabilitering av skytebane i Nørlandsdalen	Fjon skyttarlag
	Stordalen utviding av turruter sommar/ vinter. Off. parkeringsplassar	IL Bjørn West
	Relakkering og merking av løpebane Matre	IL Bjørn West
	«Dagsturhytte» Indrefjorden og Nordbygda	
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar

	Vidare utvikling nærmiljøområdet Sandnes skule	Masfjorden kommune
	Ro- og padleruter	BOF/lokale lag/ kommune
	Rehabilitering Blåbærhaugen, Nordbygda skule	
	Sjøsportanlegg	
	Oppgradering av badeplassar. Sauna.	Sandnes Vel
	Oppgradering av nærmiljøanlegget i Skjelsundet	
	Oppgradering av ballbingar	
	Turvegar i fleire bygdelag	
	Orienteringskart ved skulane	

A	Mindre tiltak « friluftslivet sine ferdssårer»	Ansvar
1.	Skilting, merking og utbetring av stiar	Masfjorden kommune
	Reparering og utskifting av gamle bruer og klopper	Privatpersonar, lag og organisasjonar
B.	Større tiltak	Ansvar

2. **Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024 vert gjeldande inntil ny kommunedelplan 2025-2037 vert vedteken**

Geir Egil Haugsvær (Sp) bad om at Masfjorden kommune vart lagt til som ansvarleg søkjar for anlegga i Stordalen skisenter.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet med endringane frå Sp vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 113/2025 Handlingsplan 2026 for " Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet":

Tilråding frå formannskapet

1. **Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for 2026:**

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
	Friddrettsanlegg Nordbygda idrettsanlegg	Masfjorden kommune
	Lysanlegg Matre idrettsbane	Masfjord FL
	Rehabilitering av gymsaldekke, Sandnes skule	Masfjorden kommune
	Utviding av kunstgras, lys og løpebane Sandnes	Masfjord FL/Masfjorden kommune
	Lagerhall ved skitrekket i Stordalen	IL BW og Stordalen skisenter AS og Masfjorden kommune
	Varmestove ved skitrekket i Stordalen	IL BW og Stordalen skisenter AS og Masfjorden kommune
	Fleirbrukshall Nordbygda	Masfjorden kommune
	Rehabilitering av skytebane i Nørlandsdalen	Fjon skyttarlag
	Stordalen utviding av turruter sommar/ vinter. Off. parkeringsplassar	IL Bjørn West
	Relakkering og merking av løpebane Matre	IL Bjørn West
	«Dagsturhytte» Indrefjorden og Nordbygda	
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
	Vidare utvikling nærmiljøområdet Sandnes skule	Masfjorden kommune
	Ro- og padleruter	BOF/lokale lag/ kommune
	Rehabilitering Blåbærhaugen, Nordbygda skule	
	Sjøsportanlegg	
	Oppgradering av badeplassar. Sauna.	Sandnes Vel
	Oppgradering av nærmiljøanlegget i Skjelsundet	

	Oppgradering av ballbingar	
	Turvegar i fleire bygdelag	
	Orienteringskart ved skulane	

A	Mindre tiltak « friluftslivet sine ferdsselsårer»	Ansvar
1.	Skilting, merking og utbetring av stiar	Masfjorden kommune
	Reparering og utskifting av gamle bruer og klopper	Privatpersonar, lag og organisasjonar
B.	Større tiltak	Ansvar

2. **Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024 vert gjeldande inntil ny kommunedelplan 2025-2037 vert vedteken**

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 114/2025 Sak om kjøp av grunn frå eigedomen gnr.44 bnr.68 på Krossleitet

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande protokolltilførsel i møtet:

- Kjøp av tomt er ikkje avhengig av avgjerda til NGIR om etablering av miljøstasjon.

Det vart vidare jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

3. Rådmannen får fullmakt til å inngå opsjonsavtale for kjøp av inntil 3,4 dekar stort areal frå gnr.44 bnr.68. Det er eit vilkår at kjøpesummen vert avgrensa til maksimum 1.250.000,- . i tillegg kjem kostnader knytt til dokumentavgift, oppmålingsgebyr og tinglysingsgebyr med meir.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 114/2025 Sak om kjøp av grunn frå eigedomen gnr.44 bnr.68 på Krossleitet:

Tilråding frå formannskapet:

Rådmannen får fullmakt til å inngå opsjonsavtale for kjøp av inntil 3,4 dekar stort areal frå gnr.44 bnr.68. Det er eit vilkår at kjøpesummen vert avgrensa til maksimum 1.250.000,- . i tillegg kjem kostnader knytt til dokumentavgift, oppmålingsgebyr og tinglysingsgebyr med meir.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 115/2025 Drøfting pris på kommunale bustadtomter i eldre bustadfelt

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 115/2025 Drøfting pris på kommunale bustadtomter i eldre bustadfelt:

Tilråding frå formannskapet:

Utsalstaksten vert sett til 50 % av taksten for ein periode, avgrensa til inntil 2 år frå vedtaksdato.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 116/2025 Prioritering av trafikk sikringssøknader 2026

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 116/2025 Prioritering av trafikk sikringssøknader 2026:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune prioriterer at det vert søkt om tilskot til trafikktryggingstiltak til følgjande to tiltak:

- Sikringstiltak (støypekant) 350 meter på kommunevegen i Indre Haugsdal
- Tiltak som betrar trafikktryggleiken ved Nordbygda skule/ barnehage.

Vert det gjeve fylkeskommunale trafikk sikringstilskot vil Masfjorden kommune finansiera inntil 50 % av investeringane, jf. kriteriene for å få tilskot.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 117/2025 Nye prinsipp og retningslinjer for klasseturar i Masfjorden kommune

Oppvekstleiar Wenche Daa møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til retningslinjer i møtet:

- 1. Klasseseturen i 10.klasse vert organisert i samarbeid mellom elevar, klassekontakt og foreldre.
- 2. Turen kan gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.
- 3. Kommunen dekkjer reisekostnader med inntil kr 4000,- pr elev og søker i tillegg om kr 1000,- i støtte per elev frå UDIR. Denne summen må følgje prisvekst.
- 4. Kommunen dekkjer kostnader for lærarar / tilstrekkelege ressursar pr. skule til å ivareta det faglege innhaldet i turen.
- 5. For elevar som har vedtak om eigen assistent, dekkjer kommunen kostnader for assistentar til å ivareta eleven på turen.
- 6. Kostnader utover det kommunen dekkjer, må klassane sjølv skaffe gjennom felles dugnad.
- 7. Turen skal vare i maksimalt fem dagar med overnattingar.
- 8. Klasseseturen skal arrangerast etter haustferien og elles tilpassast slik at det ikkje kjem i konflikt med store prøvar og eksamen.
- 9. Som hovudregel bør klasseseturen vera ein fellestur for alle skulane, men det er ikkje eit krav.
- 10. Det er eit krav om at alle turane må innehalde eit fagleg program
- 11. Elevar som av gyldige grunnar ikkje kan delta på tur, skal følgje eit undervisningsopplegg ved sin eigen skule i den perioden klasseseturen varer.
- 12. Gjeldande ordensreglar for skulane gjeld også under klasseturar.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 117/2025 Nye prinsipp og retningslinjer for klasseturar i Masfjorden kommune:

Tilråding frå formannskapet:

Prinsipp og retningslinjer for klasseturar i Masfjorden kommune er:

1. Klasseturen i 10.klasse vert organisert i samarbeid mellom elevar, klassekontakt og foreldre.
2. Turen kan gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.
3. Kommunen dekkjer reisekostnader med inntil kr 4000,- pr elev og søkjer i tillegg om kr 1000,- i støtte per elev frå UDIR. Denne summen må følgje prisvekst.
4. Kommunen dekkjer kostnader for lærarar / tilstrekkelege ressursar pr. skule til å ivareta det faglege innhaldet i turen.
5. For elevar som har vedtak om eigen assistent, dekkjer kommunen kostnader for assistentar til å ivareta eleven på turen.
6. Kostnader utover det kommunen dekkjer, må klassane sjølv skaffe gjennom felles dugnad.
7. Turen skal vare i maksimalt fem dagar med overnattingar.
8. Klasseturen skal arrangerast etter haustferien og elles tilpassast slik at det ikkje kjem i konflikt med store prøvar og eksamen.
9. Som hovudregel bør klasseturen vera ein fellestur for alle skulane, men det er ikkje eit krav.
10. Det er eit krav om at alle turane må innehalde eit fagleg program
11. Elevar som av gyldige grunnar ikkje kan delta på tur, skal følgje eit undervisningsopplegg ved sin eigen skule i den perioden klasseturen varer.
12. Gjeldande ordensreglar for skulane gjeld også under klasseturar.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 118/2025 Framlegg til språkplan for Masfjorden kommune 2025 - 2033

Sigrun Haugsdal Reknes (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 118/2025 Framlegg til språkplan for Masfjorden kommune 2025- 2033.

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok med to røyster (ordfører Erlend Kvamsdal (H) og Geir Egil Haugsvær (Sp)) at Reknes var habil sjølv om ho er sakshandsamar for denne saka. (Torill Torsvik Størkersen (Ap) og Ørjan Daa (FrP) røysta for at Reknes var inhabil. Sidan røystinga vart 2 mot 2 er det det som ordfører røysta for, som vert vedteke.)

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til endring i språkplanen og språkplakaten:

- Masfjorden kommune skal ha valfri e- eller a- infinitiv, men vere konsekvent i same dokument.

Framlegg til vedtak med endringa sett fram av Ap vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 118/2025 Framlegg til språkplan for Masfjorden kommune 2025 - 2033:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret godkjenner språkplan for Masfjorden kommune 2025 – 2033 med følgjande endring:

4. Masfjorden kommune skal ha valfri e- eller a- infinitiv, men vere konsekvent i same dokument.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 119/2025 Referat- og orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar i forkant av formannskapetmøte:

- Abo Plan og Arkitektur v/Åshild Blomdal og Entreprenør Angar Birkeland AS v/Bjørnar Birkeland orienterte om pågåande reguleringsplan for Risnes Næringspark

Referatsaker:

5. Referat etter møte med politimeister og leiinga i Vest politidistrikt 14.oktober
6. Oppmoding om busetting av flyktningar i 2026
7. Høyringsinnspel frå Regionrådet Nordhordland - tomteval for nybygg for Austrheim vidaregåane skule
8. Protokoll 3-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 24.oktober
9. Forskrift for ferie og fridagar 2026-2027 - Skule- og barnehageruta
10. Vedtak - forvaltningslova - Masfjorden kommune - manglande oppfølging av kommunedelplan for trafikksikring
11. Orientering om lovlegkontroll av fjernbetent alkoholsal
12. Høyring - ny postlov
 - a. formannskapet bad om at rådmannen sende inn høyringssvar basert på tidlegare diskusjonar rundt dette tema
13. Vedk tilskot til kulturbygg
14. Søknad om midlar til oppdatering av bygdebok for Myking sokn
 - a. formannskapet samla seg om å løyve kr 5.000 til prosjektet
15. Bandtvang for hundar
16. Vedtak - Reguleringsplan - klage - Masfjorden 31/1 - Botneneset - detaljregulering - plan-id 20210004

Orientering frå ordførar:

2. ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet inkludert finansieringsavtale med fylkeskommunen for utgreiing av Masfjordsambandet
3. ordførar orienterte kort om status for endring av bussruta Matre - Duesund

Orientering frå Rådmannen:

3. rådmannen orienterte kort kring konsesjonskrafta 2025, volum - prinsipp m.m

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 119/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 03.12.2025 av sak 120/2025 Budsjettjustering desember 2025

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 03.12.2025 av sak 120/2025 Budsjettjustering desember 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Driftsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

